

**From:** bjorn vike <[bjorn.vike@gmail.com](mailto:bjorn.vike@gmail.com)>  
**Sent:** 28. februar 2017 10:15  
**To:** Bjørkhaug Eirik  
**Subject:** Fwd: Revisjon

----- Forwarded message -----

From: **bjorn vike** <[bjorn.vike@gmail.com](mailto:bjorn.vike@gmail.com)>  
Date: 2017-02-28 10:12 GMT+01:00  
Subject: Revisjon  
To: bjorn vike <[bjorn.vike@gmail.com](mailto:bjorn.vike@gmail.com)>

Styremøte i Aurland elveigarlag 12.februar 2017

Revisjon.

Styremøtet ønsker å komme med følgende i tillegg til tidligere innsendt materialer om revisjon. Etter at konsesjon vart gitt har Aurlandsvassdraget blitt dramatisk endra. Aurlandsvassdraget var ei verdskjent sjøaure elv. Det vart teke om lag 6000kg sjøaure og laks i vassdraget. I mange år har laksen vore freda, til tross for rognutsetting og betring av gyteforhold er stammen av laks på eit kritisk nivå. Sjøauren har klart seg først og fremst grunna fang og slepp. Eit omfattande arbeid gjort i vassdraget vil kunne gjere det mulig å bygge opp att stammen av laks og sjøaure dersom revisjonen fører til gjennomføring av nokre opplagte miljøtiltak. Stadiet med forskning bør vere nærast avslutta då disse konklusjonane bygger opp under dei viktige miljøtiltaka.

Tempraturen i vassdraget er endra. Kaldare i sommarhalvåret og varmare om vinteren. Dette har ført til at det skjeldent danner seg is i aurlandselva. Resultatet er at elva gradvis gror att. Det er lite skjul for fisken vinterstid, prelater har fritt spillerom. Det er gjort lite for å sjå på mulig topptapping. Vi ber om at dette blir undersøkt grundigare.

Feilvandring er eit av dei største problema. Det er dokumentert at det er ål i vassdraget. Den er rødlista, inntaket til vangen er nok ålen si siste reise om den finn vegen dit. Lemmen på osen av vassbygdevatnet var slutten på det beste gyteområdet i heile vassdraget. Dokumentert forskning viser at smolten er klar for utvandring fleire veker før lemmen blir senka. Inntaket til vangen er da eit alternativ. Den nye laksetrappa tar ikkje smolten på veg ut. Dermed blir lemmen eit vandringshinder. Vangen ein enda større trussel. Fisken kjem for seint i sjøen og får ein kortare vekstperiode i sjøen. Kanskje og ein medvirkande årsak til seinare tilbakevandring enn før utbygging.

Inntak i vatnet er uegna og lemmen bør ned tidligare eventuelt fjernes.

Vi opplever og at fisken går langt seinare opp i vassbygdelva. Inntaket til Aurland 1 bør og undersøkast og ha vandringshinder. Også her går det inn fisk.

Vi ser eit mønster i at fisken kjem seinare attende til Aurlandsvassdraget. Nedtrappingen bør utsettest tre veker. Først og fremst for oppvandring av fisk. Det vil og gjere det mulig å utøve eit fiske i september.

Minstevassføring. Aurlandselva er med alle svinger om lag 7 km. Denne delen av vassdraget har minstevassføring. Løelva, omlag 1 km og vassbygdelva til sitjandefossen er om lag 3 km. Det er

anadrom strekning om lag 1,5 km opp Aurlandsdalen og 0,5 km opp Stonndalen. Denne delen av vassdraget vart ikkje sikra minstevassføring. Forskning viser at elva opp Aurlandsdalen har gode gyte og habitatforhold. Det er opplagt at det er denne helheten som var styrken til vassdraget. Revisjonen må sikre ei god minste vassføring.

Laksen som er trua har gode naturlige temperaturforhold i denne øvre delen av vassdraget, men den treng vatn.

Tyvesja, ei lita sideelv frå Vassbygdelva var frå gammalt reine klekkeriet, den må og sikres vatn.

Vannkvalitet er lite undersøkt. Vi ønskjer at det blir undersøkt, innholdet av gass mellom anna.

Laksen krev ekstraordinære tiltak. Idag har ein gode resultater med produksjon av smolt og utsleping for å unngå store lusepåslag. Vosso er eit døme. I Aurland har vi eit moderne klekkeri. Vi vil at det produseres laksesmolt som i Vosso. Dette vil løfte bestanden av laks raskt og vere ein måte å sikre laksebestanden for framtida.

Dette til orientering. Ser fram til eit godt samarbeid med mål om å få gjennomført nødvendige miljøtiltak i Aurlandvassdraget.

Vennlig hilsen Bjørn Vike  
Leiar Aurland Elveigarlag.